



ASKØY KOMMUNE
Ordførar Terje Mathiassen
Klampavikvegen 1
5300 KLEPPESTØ

Dato: 15.05.2018
Vår ref.: 2014/11640-128
Saksbehandlar: tortil
Dykkar ref.:

Invitasjon til opningsmarkeringar av Kystpilegrimsleia, Askøy 8. juni og Bergen 9. juni 2018

Vi har glede av å invitere ordførar til opningsmarkeringar av Kystpilegrimsleia i Strusshamn 8. juni og i Bergen 9. juni.

I juni i år vert det arrangert 3 opningsmarkeringar i Hordaland i høve av at hovudsprosjektet no vert ferdigstilt. Opmingsmarkeringane vil finne stad i Moster 5. juni, på Halsnøy Kloster 6. juni, på Askøy 8. juni og i Bergen 9. juni.

Kystpilegrimsleia strekk seg frå Egersund i sør til Nidaros i nord.

I løpet av juni 2018, vil tradisjonsbåten «R/S Risør II» segle heile Kystpilegrimsleia. Seglasen går innom alle utvalde nøkkelområde i kvart fylke, slik at ho bind saman fylkesvise opningsarrangement på land på ferda mot Nidaros.

Prosjektet Kystpilegrimsleia (2013-2018)

Prosjektet Kystpilegrimsleia er tufta på den historiske pilegrimsferdsla langs vestlandskysten. Kystpilegrimsleia har som mål å skape ei samanhengande reiserute langs kysten som ein del av ei St. Olavslei og ein Europeisk Kulturveg. Kystpilegrimsleia skal fremje kunnskap om historie og kulturminne, miljøforståing, fysisk aktivitet, folkehelse og legge til rette for bruk og vern av kulturarven vår.

Tanken er å skape eit nettverk og reiselivsprodukt for moderne pilegrimar, basert på den gamle hovudfartsåra for pilegrimar til Nidaros. Kystpilegrimsleia skal vere en brubyggjar mellom dei mange lokalsamfunna langs kysten. Dette er eit prosjekt som har lokalbefolkninga, frivillige lag og organisasjonar, samt lokale næringsdrivande innan overnatting, mat, transport og attraksjonar som sine viktigaste medspelarar.

Bak prosjektet står 4 bispedømme og 5 fylkeskommunar: Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Trøndelag.

Kystpilegrimsleia er eit verdiskapingsprosjekt som er finansiert av Riksantikvaren, saman med fylkeskommunane. Kyrkja bidreg med kompetanse, kyrkjelege bygningar, menneskelege ressursar og tenester (pilegrimsliturgi).

Kystpilegrimsleia – del av den nasjonale pilegrimssatsinga

Kystpilegrimsleia har frå starten av hatt som målsetjing å søke om godkjenning som nasjonal pilegrimslei under Nasjonalt Pilegrimssenter (NPS)/Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider (NDR).

I styremøtet 6. desember 2017 fatta styret for NDR følgande vedtak:

Styret godkjenner den nye pilegrimsleden «Kystpilegrimsleia» fra Egersund til Trondheim som offisiell pilegrimsled. Det forutsettes at organisering og finansiering av fremtidig drift av «Kystpilegrimsleia» utarbeides i tett samarbeid med Nasjonalt Pilegrimssenter, inntil langtidsplan for pilegrimssatsningen er vedtatt.

Godkjenninga av Kystpilegrimsleia markerer på mange måtar eit tideverv:

Ved å løfte kystdimensjonen i den nasjonale pilegrimssatsinga, vil ein kunne styrke alle pilegrimsmiljø i Noreg - både kulturminne undervegs og hovudmålet Nidaros. Ved no å inkludere kysten i eit europeisk perspektiv, vil St. Olavsvegane til Trondheim verte gjeve ein tilleggsdimensjon i unike og stadspesifikke opplevingar som peiker ut over det nasjonale og bind saman med det mellomeuropeiske andsliv og kultur.

Kystpilegrimsleia – over i ein ny fase

Riksantikvaren har stilt til rådvelde midlar for 2018/2019 for at Kystpilegrimsleia kan få ein permanent regional organisering under Nasjonalt Pilegrimssenter. Vidare utvikling av prosjektet vil vere kopla mot det statlege utgreiingsarbeidet av pilegrimssatsinga i Norge som skal vere ferdigstilt i 2019.

Til no har arbeidet med Kystpilegrimsleia vore konsentrert om nøkkelstader og om kvalitetssikringa av etappeturar sør-nord. I tida frametter vil utviklinga av regionale tilbod under Kystpilegrimsleia – i tillegg til dei interregionale - verte meir fokuseret, noko som vil innebere meir aktiv involvering og dialog med nøkkelkommunar langs Kystpilegrimsleia.

Program Askøy 8. juni og Bergen 9. juni 2018

- Kveldssete i Strusshamn på Sjoddien 8. juni med mannskap frå Risør 2, representantar frå Askøy kommune, kyrkje og Askøy Kystlag
- Bergen 9. juni:
- 09:15 Avgang frå Strusshamn – samsegling med båtar frå Askøy Kystlag
 - 10:00 «Enigheden» går frå Sukkerhusbryggen til Vågen med politisk representant frå Hordaland fylkeskommune og biskop frå Bjørgvin om bord
 - 10:15 Tilslutning mellom «Enigheden», «Risør» og kortesje for innkomst til Vågen
 - 10:30 Vågen – «Risør 2» fortøyer – avstigning.
 - 10:55 Vi entrar scenen til Torgdagen:
 - 11.00 Ønskes velkommen av styreleiar
 - 11.05 Høgtidelig åpning av Torgdagen i Bergen v/Harald Stanghelle
 - 11.15 Torgsangen- Kor Mix stemmer i
 - 11.20 Pilegrimsleia tale ved HFK
 - 11.25 Kor mix
 - 11.30 Pilgrimsleia tale ved Biskop Halvor Nordhaug
 - 11.35 Kor mix
 - 11.40 Pilegrimsleia tale av byråd, Bergen kommune
 - 11.45 Kor mix stemmer i

- 12:15 – 12:30 Mingling
- 12:30 Schøttstuene mottaking og foredrag/innslag lunsj
- 14:00 Omvising Bryggen
- 15:15: Mariakirken Orientering om restaureringsprosess + pilegrimsliturgi
- 16:00: Slutt

Meir om markeringane på i Strusshamn og Bergen, 8. og 9. juni

I Strusshamn tek si sikte på å at arrangementet kjem til å gå føre seg på Sjoddien frå kl. 1900. Her vert det servert mat og det vil vere omvising på det historiske anlegget. Ved at det er Torgdag neste dag, reknar vi med at det vil vere stor aktivitet i hamna, der også vår båt, «Risør 2», vil ligge. Askøy kystlag har invitert Bjørgvin bispedømme og dei har signalisert at biskop Halvor Nordhaug ønskjer å vere til stades.

Vi vonar at ordførar eller andre som kan representerte Askøy kommune har høve til å vere til stades. Ordførar vert også invitert til å vere med «Risør 2» over til Bergen 9. juni, med avreise frå Strusshamn kl. 09.00 og vere med på aktivitetane der.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Tor Andreas Titlestad
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.